



Alver kommune
plan- og byggesak

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/17678 - 20/72354

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:
13.11.2020

Uttale frå landbruk GBNR 491/15 Kvitstein-tilbygg til hytte og markterasse

Landbruksavdelinga har vurdert søknaden og kan ikkje sjå at den kjem i konflikt med LNF-føremålet i kommuneplanen. Hytteeigedomen vart etablert i 1950, og dei planlagte byggjetiltak er inne på eigen eigedom. Av gardskartet kan det sjå ut som tomten er registrert med 0,1 daa innmarksbeite, men dette ser på flyfoto ut til å vera feilregistrering.

Delar av arealet på sørsida er registrert som innmarksbeite GNR 491/1, men ut frå det ein kan sjå på flyfoto ser det ikkje ut til å ha vore i bruk som beite på ein del år. Landbruksavdelinga tviler på at det oppfyller krava til å vera registrert som innmarksbeite i dag.



Figur 1 flyfoto frå 2008



Figur 2 Flyfoto 2018

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

Etter landbruksavdelinga si oppfatting vil ikkje dei planlagte tiltaka ha noko innverknad på beite/skog eller utmarksarealet rundt tomten. Det er ikkje registrert verdifulle naturtypar i nærleiken av tomten.

Landbruksavdelinga har soleis ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon som omsøkt.

Med helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Alver kommune